



Møtebok

Utval: Fjordane interkommunalt politisk råd
Møtestad: Solund
Dato: 10.09.2024
Tid: Kl. 08:30 - 17:00

Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde
Arnar Kvernevik
Bengt Solheim-Olsen
Gunn Åmdal Mongstad
Jenny Følling
Leif Jarle Espedal
Ole André Klausen
Petter Sortland

Parti

Forfall

Kjell Eide
Per Kjøllesdal
Sigurd Erlend Reksnes

Parti

SP

Varamedlem

Sonja Øvre-Flo
Judith Margrete Kvåle

Parti

AP

Møteleiar: Jenny Følling

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
24/038	Godkjenning av innkalling og sakliste
24/039	Godkjenning av møteprotokoll
24/040	Referatsaker
24/041	Orienteringssaker 10.09.24
24/042	Orienteringssaker frå kommundirektørane 10.09.24
24/043	Innspeil til utviklingsplan for Vestland 2024-2028
24/044	Evaluering av Arendalsveka 2024
24/045	Deltaking Arendalsveka 2025
24/046	Koordinering av møtekalender i 2025
24/047	Møteplan 2025
24/048	Formannskapskonferansen 2025



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/36500
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 03.09.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/038	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:

Handsaming:

Ordførar i Bremanger ønske å løfte opp ei drøftingssak knytt til båt- og ferjeruter under orienteringssaker.

FIPR- 24/038 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent med ei tilleggsak om båt- og ferjeruter under orienteringssaker.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/36341
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 02.09.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/039	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Godkjenning av møteprotokoll

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

27.05.2024 Protokoll - Fjordane IPR - 27.05.2024 1673198

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/039 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/36501
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 03.09.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/040	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Referatsaker

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende saker:

1, Møte 31.05.24 i Klimarådet

2, Innspel frå kompetanseforum Fjordane

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/040 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Arkiv: FE-033
 JournalpostID: 24/36275
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
 Hatlenes
 Dato: 02.09.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/041	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Orienteringssaker 10.09.24

1. Invest in Fjordane v/ Ørjan Stubhaug
2. Avvikling av Kystrådet v/ Gunn Å. Mongstad
3. Kommunikasjonsstrategi for Region Fjordane
4. Reiseliv

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande.

Vedlegg i saka:

11.09.2024	Kraftsystemanalyse- Invest in Fjordane 23.09.11	1700198
11.09.2024	Kommunikasjonsstrategi- Region Fjordane	1700199
11.09.2024	Blikk på reiseliv	1700200

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/041 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande med desse merknadane;

1. Løypemelding frå Invest in Fjordane på neste rådsmøte.
2. Ny sak om øyremerka midlar knytt til avvikling av Kystrådet.
3. Reiseliv kjem på saklista i løpet av året.
4. Utarbeide ei fråsegn om utfordringar med båt- og ferjeruter.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/36290
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 02.09.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/042	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Orienteringssaker frå kommundirektørane 10.09.24

1. Administrative fagnettverk i Region Fjordane v/ Anders Skipenes
- 2.

Leiar sitt framlegg til vedtak:
Rådet tek orienteringa til vitande.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/042 Vedtak:
Leiar sitt framlegg til vedtak:
Rådet tek orienteringa til vitande.



Arkiv: FA-L05
JournalpostID: 24/36340
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 02.09.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/043	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Innspel til utviklingsplan for Vestland 2024-2028

Bakgrunn for saka:

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 ligg ute på høyring med frist 16. september 2024. På heimesida til fylkeskommunen ber dei oss om innspel og kommentarar til prosess, satsingsområda og måla i planforslaget.

1. Har vi klart å løfte fram dei viktigaste utfordringane og moglegheitene for fylket vårt?
2. Er måla og strategiane riktige for å møte utfordringsbildet?
3. Er dei to nye overordna regionale planane dei rette for ønska samfunnsutvikling, og kven bør involverast i arbeidet med desse?

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Region Fjordane gir høyringsuttale til Vestland fylkeskommune sin utviklingsplan i tråd med dei vurderingane som er lagt fram i saka.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/043 Vedtak:

Rådet sitt framlegg til vedtak:

1. Region Fjordane gir høyringsuttale til Vestland fylkeskommune sin utviklingsplan i tråd med dei vurderingane og innspela som kom fram i møtet.
2. Arbeidsutvalet får i oppgåve å sluttbehandle innspelet.

Saksopplysningar:

Spørsmål 1: Har vi klart å løfte fram dei viktigaste utfordringane og moglegheitene for fylket vårt?

Spørsmål 2: Er måla og strategiane riktige for å møte utfordringsbildet?

Region Fjordane meiner at kunnskapsgrunnlaget gjev eit godt bilete av hovudtrekka i samfunnsutviklinga i Vestland og samd i at dette er viktige utfordringar å løfte fram i utviklingsplanen. Vi meiner at det er riktig å ha ei heilskapleg samanhengstenking når ein skal løyse dei ulike utfordringane vi står ovanfor. Den eine utfordringa kan ikkje trumfe den andre, td tap av naturmangfald kan ikkje hindre utvikling og omstilling til grønne arbeidsplassar. Difor er det viktig at ein legg opp til å finne løysingar som ser samanheng mellom utfordringane.

Dei fire satsingsområda knytt til velferd og verdiskaping, demografi og likeverd, klima og natur og samarbeid er viktige tema for våre kommunar. Det er lagt opp til 10 strategiar som peikar på korleis ein vil arbeide for å nå måla dei 4 neste åra. Fylkeskommunen har satt seg ambisiøse arbeidsmål som krev samhandling og gode samarbeidsmodellar med kommunar og andre aktørar for å nå måla.

For at ein skal lukkast med dette arbeidet må ein utarbeide eit verktøy for regional planlegging med fokus på å løyse samansette utfordringar, målkonflikter og politiske dilemma. Utfordringa for kommunane er å sikre kapasitet og rett kompetanse til å følgje opp dette samstundes som ein skal sikre tilstrekkeleg og gode tenester i kommunane.

For å lukkast med utvikling av heile vestland må ein ha fokus på bygd og by, vi vil særleg peike på at det utvikling av arbeidsplassar og service handlar i stor grad om utnytting av dei naturgitte fortrinna lokalt og ikkje om ein det er ein by eller regionsenter (Strategi 7).

Spørsmål 3: Er dei to nye overordna regionale planane dei rette for ønska samfunnsutvikling, og kven bør involverast i arbeidet med desse?

Region Fjordane har forståing for at ein ønskjer ei koordinering og samanslåing av regionale planar for å lukkast med utviklingsplanen. Dei to nye planane skal erstatte ein del gamle plansystem som kan vere vanskeleg å ha oversikt på samstundes som det er auka fokus på tverrsektorielt samhandling og langsiktig utvikling.

Regional plan for areal og mobilitet er ein ny plan som skal erstatte fleire planar som er både innarbeidde og har langsiktige prioriteringar. Fylkeskommunen har samla fleire planar som krev koordinering og samordning med utgangspunkt i bruk av areal og planlegging av infrastruktur og mobilitet. Arealpolitikk og gjenbruk av grå areal blir viktig for å få til grøn omstilling og næringsutvikling i våre kommunar. Arealpolitikk kan vere utfordrande lokalt og i arbeidet med gjenbruk av grå areal må ein gjere areala attraktive med nett- og krafttilgang. Samspel mellom fylke, kommunar og kraftprodusentar må på plass for å få å lukkast med dette arbeidet.

Samstundes er det viktig at ein legg til rette for ein temaplan for fylkesvegnettet som gjev rammer, retning og prioriteringar.

Regional plan for verdiskaping og kompetanse er den andre nye planen som skal legge til rette for gode liv i Vestland. Grunnlaget for verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar er avgjerande viktig for at alle kommunar i Vestland skal lukkast med ein berekraftig kommuneøkonomi. Kompetansebehovet er i endring og det er særleg innan digitalisering, demografi og omstilling til grønne arbeidsplassar som utfordrar behovet for kompetanse. Denne planen skal dekke store og viktige tema knytt til kompetanse, innovasjon og næringsutvikling.

Satsingsområdet knytt til klima og natur får stort fokus i desse planane noko som er naturleg samstundes som må ein sjå at det er behov for å vektlegge dei tre satsingsområda knytt til velferd og verdiskaping, demografi og likeverd og samarbeid inn i dei nye regionale planane då det har høgt

fokus for kommunane.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/36292
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 02.09.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/044	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Evaluering av Arendalsveka 2024

Bakgrunn for saka:

Region Fjordane deltok på Arendalsveka 2024 og arbeidsutvalet har laga ei oppsummering av aktivitetar og gjort laga ei kort evaluering.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Rådet tek evalueringa til vitande.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/044 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Rådet tek evalueringa til vitande.

Saksopplysningar:

Den 21.03.24 vedtok rådet å planlegge for deltaking på Arendalsveka 2024. 9 av 11 melde si interesse for å delta på Arendalsveka. Region Fjordane leigde kontor i sentrum som skulle brukast til arbeidslokale og møteverksemd. Deltakarane vart oppmoda om å ta del i panelsamtaler, lage eigne arrangement og arbeide for eigne prosjekt under opphaldet.

Det var to arrangement knytt til vår region som vart gjennomført på Vestlandsbåten. Bergen Næringsråd er initiativet bak Vestlandsbåten og var ein arena for Vestlandspolitikk.

- «Vi er klare for Stad skipstunnel» regi av Måløy Vekst og Kystrederiet
- «Stad Skipstunnel- frå djupvassdeponi til berekraftig massebruk og ny infrastruktur» regi av Stad kommune.

I tillegg til medlemskommunane var Sunnfjord Utvikling, Måløy Vekst, Stad Vekst, Nordfjord

Kompaniet og Invest in Fjordane med frå regionen.

Arbeidsutvalet har drøfta og gjeve desse tilbakemeldingane.

- Kontoret fungerte godt som møtestad og samlingspunkt for oss, samarbeidspartar og besøkande. Ein viktig møtestad som er open og inkluderande.
- Tid til å bygge felles nettverk og diskutere saker som er relevant for det vidare samarbeidet.
- Felles møtepunkt og samling i løpet av dagen er nyttig og viktig.
- Eit vellukka arrangement som ein ønskjer å vidareutvikle til 2025 med fokus på å synleggjere Fjordane og dei strategisk satsingane som er viktig for regionen.
- Tidleg forankring og byrje planlegging av arrangement og samarbeidspartar.



Arkiv:

JournalpostID: 24/36299

Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes

Dato:

02.09.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/045	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Deltaking Arendalsveka 2025**Bakgrunn for saka:**

Rådet skal ta stilling til om ein skal arbeide for å legge til rette for deltaking og arrangement på Arendalsveka i 2025 samt arbeide for å etablere samarbeid med relevante aktørar.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Region Fjordane ønskjer å delta på Arendalsveka 2025.
2. Etablere ei arbeidsgruppe som tek del i planlegging av det vidare arbeidet.
3. Legge til rette for to arrangement som er knytt opp mot våre strategiske satsingar.
4. Søke samarbeidspartar som er relevante.
5. Legge fram sak for rådet når ein har oversikt over kostnadar.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:**Handsaming:****FIPR- 24/045 Vedtak:****Leiar sitt framlegg til vedtak:**

1. Region Fjordane ønskjer å delta på Arendalsveka 2025.
2. Etablere ei arbeidsgruppe som tek del i planlegging av det vidare arbeidet.
3. Legge til rette for to arrangement som er knytt opp mot våre strategiske satsingar.
4. Søke samarbeidspartar som er relevante.
5. Legge fram sak for rådet når ein har oversikt over kostnadar.

Saksopplysningar:

Arbeidsutvalet har gjennom si evaluering av årets deltaking på Arendalsveka slutta seg til at ein byrjar tidleg forankring og planlegging av Arendalsveka 2025 dersom rådet ønskjer det. Arendalsveka er lagt til veke 33 og mykje av planlegginga bør vere klart i mai/juni og samarbeidspartar bør

etablerast tidlegare for å sikre seg ønska lokale og finansiering av arrangement.

Eit av argumenta til arbeidsutvalet er at ein ønskjer å vere meir synlege og utfordre fellespolitikk som er viktig for oss. Det kan vere relevant å løfte opp kraftanalysen saman med Invest in Fjordane og relevante aktørar i kraftbransjen. Formålet med kraftanalysen er å lage seg ei politisk arbeidsliste og eit arrangement kan vere ei arena for å fremme dagsaktuell fellespolitikk frå Fjordane.

I lys av å vere synleg og arbeide for våre saker bør ordførarar kontakte sine parti for å ta del i politiske debattar der vi har høve til å påverke. I tillegg til dette bør ein oppfordre andre samarbeidspartar/kommunar til eigne prosjekt som ein ønskjer å sette søkjelys på.

Vurdering:

Region Fjordane er i gang med å bygge eit strategisk og framtidsretta regionsamarbeid som skal styrke oss. Nettverket for kommunedirektørane og regionrådet har peika på at kraft er ei av dei viktigaste sakene som må settast på agendaen skal regionen lukkast med næringsutvikling og stadutvikling.

Kraftanalysen er eit viktig kunnskapsgrunnlag som vi må ta eigarskap til og følgje opp for å nå dei strategiske målsetjingane og utviklinga som vi ønskjer knytt til grønt omstilling og næringsutvikling. Arendalsveka er ein møtestad for politisk påverknad som kan bidra til å nå måla som vi set oss.

Regionrådet bør vurdere om ein ønskjer å etablere ei arbeidsgruppe som tek initiativ til planlegging og kople på samarbeidspartar i den vidare arbeidet. I tillegg til dette bør ein drøfte finansiering saman med dei aktuelle samarbeidspartane. Dette bør ein ha avklart når ein skal legge budsjett for 2025.

Økonomiske konsekvensar:

Deltaking på Arendalsveka kan gjerast innanfor eit lågbudsjett og deltakarene dekkjer eigne utgifter knytt til reise og opphald. Dette bør ein komme tilbake til når ein har oversikt på aktuelle samarbeidspartar og finansiering.



Arkiv: FE-033, FE-026
JournalpostID: 24/27676
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 21.06.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/046	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Koordinering av møtekalender i 2025

Bakgrunn for saka:

Det er lagt fram eit ønskje om å få til ei koordinering av den politiske møtekalenderen slik at det kan gje kommunane eit handlingsrom til å legge til rette for regionalt samarbeid. For å lukkast med arbeidet må ein ha dialog med dei aktørane som ønskjer strategisk og regionale møter med politisk og administrativ leiing i kommunane.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Tek saka til vitande og prøver å legge til rette for flest moglege møtefrie veker ut frå dei prinsippa som ein har drøfta i den vidare planlegginga av den politiske møteplanen i kommunane.
2. Region Fjordane tek kontakt med fylkeskommunen og andre aktørar for å bli einige om nokre enkle planleggingsprinsipp.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/046 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Tek saka til vitande og prøver å legge til rette for flest moglege møtefrie veker ut frå dei prinsippa som ein har drøfta i den vidare planlegginga av den politiske møteplanen i kommunane.
2. Region Fjordane tek kontakt med fylkeskommunen og andre aktørar for å bli einige om nokre enkle planleggingsprinsipp.

Saksopplysningar:

I arbeidet med å finne gode prinsipp for koordinering av politisk møteplan må ein ta utgangspunkt i politisk kalender frå andre aktørar som fylkeskommunen, KS og Statsforvaltar. Dette er aktørar som

ønskjer å legge til rette møtepunkt for politisk og administrativ leiing. I regionen er det fleire kommunar som må ta omsyn til fylkespolitikk. I tillegg må ein legge til rette for koordinering av deltakarar som har styreverv i KS.

Det fyrste utgangspunktet ein må ta er feriar og bevgelege heilagdaggar for 2025. I tillegg er det stortingsval i 2025 som vil påverke den politiske kalenderen. Datoane for 2025 som ein må ta omsyn til er vist i to tabellar for å gje ei god oversikt.

Vinterferie	Inntaksområdet Sogn og Fjorden 17.-21. februar (veke 8) Inntaksområdet Hordaland 24.-28. februar (veke 9)
Påske	17. april (skjærtorsdag) 21. april (2. påskedag)
Kristi himmelfartsdag	29. mai
Pinse	8.-9. juni (2. pinsedag)
Haustferie	Veke 41 (7.-11. oktober)
Stortingsval	8. september

Q 1	1 jul	2	3	4	5	6	7	8 vinter	9 Vinter*	10	11	12	13
Q 2	14	15	16 påske	17	18 ½	19	20	21	22 ½	23	24	25	26
Q 3	27 juli	28 juli	29 juli	30 juli	31 juli	32	33	34	35	36	37	38	39
Q 4	40	41 haust	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52 jul

Vestland fylkeskommune vedtok sin politiske møtekalender juni 2024 i fylkestinget. Den fylkespolitiske møtekalenderen påverkar berre dei kommunane som har politikarar som deltek i både fylkes- og kommunepolitikk. For regionen Fjordane gjeld det kommunane Fjaler, Sunnfjord, Kinn, Gloppen og Stad i perioden 2023- 2027.

	Jan	feb	mars	april	mai	juni	aug	sept	okt	nov	des
Fylkestinget			18/19			17/18		24*	01/02		09/10
Fylkesutvalet	07/08	11	5	08/09	13	04/05	21	23/24	21	12, 25/26	
Hovudutval	14, 15, 21, 22	12, 12/13	11	23/24, 30	20, 21/22	11,19	26, 28, 27/28	16/17, 17/18	14, 15, 14/15	18, 19	

I hovudsak blir dei politiske møta i fylket lagt til tysdagar, onsdag og torsdagar. Ein ser at det kan vere formålstenleg at møta til fylkeskommunen bør leggast til måndag – onsdag og at møta i hovudutvala ligg i same veke for å få til ei heilskapleg kalenderplanlegging.

Det er laga ei oversikt som viser kva for veker som er ledige når ein har lagt inn ferie og den politiske kalenderen til fylkeskommunen. For Fjordane vil det som gjeld fylkesutval gjelde nokre av medlemmane, medan fylkesting og hovudutval vil gjelde fleire.

Q 1	1 jul	2	3	4	5	6	7	8 vinter	9 Vinter*	10	11	12	13
Q 2	14	15	16 påske	17	18 ½	19	20	21	22 ½	23	24	25	26
Q 3	27 juli	28 juli	29 juli	30 juli	31 juli	32	33	34	35	36	37	38	39
Q 4	40	41 haust	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52 jul

Fargeforklaring		Ferieveker	Fylkesutval	Fylkesting + Hovudutval
-----------------	--	------------	-------------	-------------------------

Statsforvaltar og KS er ein arena som politisk og administrativ leiing ønskjer å legge til rette i kalenderplanlegginga. I den samanheng bør ein få oversikt over KS sin møteplan regionalt og nasjonalt og samlingane til Statsforvaltar.

Vurdering:

I dialog med fylkeskommunen bør ein spele inn:

- Møte i dei ulike hovudutvala bør ligge i same veke.
- Legge dei politiske møta til dagane måndag, tysdag og onsdag.
- Kommunane legge sine møter til torsdag og fredag.

Den politiske møtekalenderen med førebauande møte for Region Fjordane kan sjå slik ut:

Økonomiske konsekvensar:



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/36312
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 02.09.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/047	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Møteplan 2025

Bakgrunn for saka:

Rådet skal vedta møteplan for regionsamarbeid og rådsmøte for 2025.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet vedtek møteplanen slik den er lagt fram.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/047 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet vedtek møteplanen slik den er lagt fram.

Saksopplysningar:

Saka er drøfta i kommunedirektørnettverket og arbeidsutvalet i forkant av framlegget. I årshjulet er det lagt opp til seks rådsmøte og ein formannskapskonferanse. Hovudsakleg legg ein møta til Førde eller digitalt og ei samling for å gjere seg kjend med ei kommune. I 2025 er denne samlinga lagt til Høyanger.

I forkant av rådsmøta er det lagt opp til møte både i kommunedirektørnettverk og arbeidsutval som grunnlag for utarbeiding av sakene som skal opp på møta.

	Rådsmøte/ møte	Kommunedirektør- nettverk	Arbeidsutval	veke
Formannskapskonf.	13.-14. februar, Loen			
Rådsmøte 1	13. februar, Loen	28. januar 12-15	30. januar 12-15	Veke 4/5
Rådsmøte 2	1. april, Førde	11. mars 12-15	12. mars 12-15	Veke 11
Rådsmøte 3	3. juni (19./20. mai), digitalt	6.mai 12-15	9. mai 12-15	Veke 19
Rådsmøte 4	10. september, Førde	26. august 12-15	29. august 9-12	Veke 35
Rådsmøte 5	28.-29. oktober, Høyanger	1. oktober 12-15	3. oktober 9-12	Veke 40
Rådsmøte 6	3. desember, digitalt	14. nov 12-15	17. november 9-12	Veke 46/47

Økonomiske konsekvensar:



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/36308
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 02.09.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/048	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2024

Formannskapskonferansen 2025

Bakgrunn for saka:

Region Fjordane arrangerer formannskapskonferanse for sine formannskapsmedlemmer. Dato for formannskapskonferansen er lagt til 13.-14. september i Loen og medlemmane av rådet skal peike ut tema for konferansen.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet støttar arbeidsutvalet sine tema knytt til kraft, areal og omstilling innan helse og omsorg som tema til formannskapskonferansen 2025.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/048 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet støttar arbeidsutvalet sine tema knytt til kraft, areal og omstilling innan helse og omsorg som tema til formannskapskonferansen 2025.

Saksopplysningar:

Formannskapskonferansen er ein arena der ein kan sette dagsaktuelle tema på agendaen. Samstundes som ein har høve til å løfte fram saker som er aktuelle som fellespolitikk for region. Formannskapskonferansen i 2024 var det tema knytt til kraft som skapte stort engasjement. I etterkant av dette har Region Fjordane slutta seg til ein av arbeidspakkane til Invest in Fjordane for å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag knytt til kraftsituasjon for Fjordane.

Fokus på kraft er blitt vår strategiske sak som er relevant å følge opp for å oppnå ønska utvikling og politikk frå vår region. Arbeidsutvalet har i forkant av rådsmøtet drøfta nokre tema som ein ønskjer å

løfte fram på formannskapskonferansen i 2025.

- **Kraftanalysen** som grunnlag for næring og industriutviding.
- **Arealpolitikk** – omsynssone, erstatningsareal og verkemiddel knytt til gjenbruk.
- **Omstilling i helse og omsorg**- oppgåveglidning og praksisdømer.

Det er sendt ut kalenderreservasjon til Statforvaltar, KS, fylkeskommune og stortingsbenken til desse datoane.

I rådsmøte legg ein opp til ei innspelsrunde knytt til tema og fokus som er relevant for medlemskommunane. I desembermøtet vil ein legge fram programmet i sin heilskap og innspel til justeringar.